

Fra: Einar Aase
Sendt: fredag 12. november 2021 15:20
Til: g.sabo@online.no
Emne: VS: Spørsmål knytt til førehandskonferanse

Hei,

Sender denne e-posten på nytt ettersom den er usvart. Gje gjerne ei tilbakemelding dersom du ikkje ynskjer førehandskonferansen.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no



Fra: Einar Aase
Sendt: onsdag 13. oktober 2021 14:53
Til: g.sabo@online.no
Emne: Spørsmål knytt til førehandskonferanse

Hei,

Viser til innsendt søknad om førehandskonferanse for oppføring av bustad på gbnr 488/64.

Innsendt søknad viser ikkje noko konkret knytt til tenkt plassering av tiltak på eigedom, storleik på eigedom osv. Vi kan ta søknad til handsaming slik den ligg føre no, men då vil vi måtte vurdere tiltak på generelt grunnlag ut frå gjeldande planstatus.

Alternativt kan de sende inn situasjonskart og/eller skisser av tiltak dersom de har tankar om plassering av tiltak, samt storleik på tiltak. Dersom de ynskjer å supplere søknad med slik informasjon vil vi i større grad kunne ta stilling til det konkrete tiltaket de ynskjer på konferansen.

Dersom de har konkrete spørsmål som de ynskjer avklart på førehandskonferansen, kan de òg vere lurt å sende desse inn no på førehand.

Ynskjer ei tilbakemelding på om de vil sende inn tilleggsinformasjon, eller om vi skal ta ei generell vurdering av tiltaket slik det er sendt inn.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE